


## Oppstart – endring av detaljreguleringsplan for Myrkdalen fjellandsby – S1 planid 2015009



I samsvar med plan- og bygningslova §12-8 vert det med dette varsla at Myrkdalen Fjellandsby AS set i gang arbeid med endra detaljregulering for deler av gnr./bnr. 274/1 og 274/3 m.fl., Myrkdalen i Voss herad.

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for endringar av planlagt bygningsmasse, bl.a. med etablering av nytt velkomstsenter og daglegvarebutikk. Det vil og bli gjort endringar i veg- og trafikksystemet. Samla utnytting vil bli om lag som i gjeldande plan.

Varslingsområdet er om lag 150 dekar. Planområdet kan bli noko mindre enn varslingsområdet etter at vegløyningar er avklart. Planen er vurdert etter §6 og §8 i forskrift om konsekvensutgreiingar, og det er so langt konkludert med at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

I samband med varslinga vil det den 30. november kl. 19:00-21:00 bli halde eit ope informasjonsmøte på Myrkdalen hotell, der det og vil bli høve til å stille spørsmål om planane. Det vil og bli høve til å ta del i møtet på Teams. Påmelding til Teamsmøtet må skje seinast måndag 29. november til Myrkdalen Fjellandsby AS v. Nils Akselberg: [nils.akselberg@myrkdalen.no](mailto:nils.akselberg@myrkdalen.no).

Spørsmål og innspel til planarbeidet kan sendast til: COWI AS v. Gunnar Stenvik, Postboks 6412 Etterstad 0605 Oslo, eller som e-post til: [gms@cowi.no](mailto:gms@cowi.no).

Varseldokumenta er og å finne på Voss herad si heimeside [www.voss.herad.no](http://www.voss.herad.no) under kunngjerigar. Utfyllande opplysningar finnast på [www.myrkdalen.no](http://www.myrkdalen.no)

**FRIST FOR MERKNADER ER: 17. desember 2021**